



Til kommunane i Hordaland,
og alle LivOGLyst-prosjekt.

Dato: 28.05.2014
Vår ref.: 2014/12746-1
Saksbehandlar: karklep2
Dykkar ref.:

Evaluering av LivOGLyst. AUD-rapport Nr 05-14

LivOGLyst er eit partnarskapsprogram for Hordaland fylkeskommune ved Regionalavdelinga, Fylkesmannen si Landbruksavdeling og Innovasjon Norge Hordaland 2008-20013

Programmet er ei langsiktig og systematisk partnarskapssatsing for å byggje opp meir attraktive lokalsamfunn. Målsettinga er å stimulera og mobilisera til meir lokal verdiskaping, både økonomisk, kulturelt og sosialt.

I programmet si organisatoriske utforming har særleg tre prinsipp vorte vektlagd:

1. At det skulle vere eit partnarskapsprogram som samla ressursar og verkemiddel på tvers av forvaltnings- og utviklingsinstitusjonane
2. at programsatsinga skulle vere langsiktig med trinnvis støtteordning der lokale utviklingsprosjekt bli støtta for å kome i prosess og guida vidare i verkemiddelapparatet
3. At utviklingsarbeidet skulle vere forankra i kommunen, med kommunen som ein aktiv part

Programmet har no vore evaluert av Hordaland Fylkeskommune, Regionalavdelinga ved Analyse, utgreiing og dokumentasjon (AUD). Evalueringa ligg ved, AUD-rapport Nr. 05-14.

Evalueringa har fokusert på korleis arbeidet med LivOGLyst er organisert og korleis ressursane er brukt. Effekter er evaluert ut frå korleis programmet sine arbeidsmetodar fungerer i praksis, kva resultat og mogelege effektar er oppnådd og sist, kva kjenneteiknar dei mest vellukka prosjekta?

Hordaland fylkeskommune ved regionalavdelinga og partnarskapen nytta no evalueringrapporten som grunnlag for å vidareutvikle LivOGLyst programmet. Ein ser på på kva som kan justerast i organisering og arbeidsmåtar for å bli enno betre i utvikling av livskraftige lokalsamfunn i Hordaland.

Partnarskapen takkar alle respondentar som har bidræge til evalueringa og ser fram til det framtidige samarbeidet.

Med vennleg helsing for partnarskapen

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Mette Nora Sætre
Næringssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

AUD-rapport Nr. 05-14 som her ligg ved og som kan lastas ned frå <http://www.hordaland.no/aud-rapportar>